

Avtale mellom tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune og privatpraktiserande tannbehandlarteam TOO

Versjon september 2025

Pasientar som fell inn i målgruppa for tilskotsordninga tverrfagleg psykolog- og tannhelsetilbod til tortur- og overgrepstutsette og personar med odontofobi (TOO) får tilbod hos fylkeskommunen om angstbehandling med mål om å gjere pasienten i stand til å meistarar behandling og oppfølging innanfor ordinær tannhelseteneste. Pasienten vil få dekkja infeksjonssanering (ekstraksjonar, konserverande og endodontisk behandling) og ev. avtakbar protetikkk av TOO-midlar. Nødvendig tannbehandling ut over dette må pasienten dekke sjølv.

TOO-tilbodet er for personar over 18 år som har tannbehandlingsangst.

Målgruppa er personar som

- har vore utsett for tortur
- har vore utsett for overgrep av seksuell karakter eller vald i nære relasjonar.
- har odontofobi (sterk tannbehandlingsangst)

Det er eit vilkår at personen

- har vesentlege vanskar med å ta i mot tannbehandling på grunn av angst i tannbehandlingssituasjonen
- har eit eige ønske om psykologisk behandling for den manglande meistringa si eller angst i samband med tannbehandlingssituasjonen
- har evne til å nyttiggjere seg behandlingsmetodikken og/eller den tilrettelagde tannbehandlinga.

Pasienten får først angstbehandling hos tverrfagleg behandlarteam TOO. Tverrfagleg behandlarteam TOO tilviser pasienten til tannbehandlarteam TOO når pasienten er i stand til å meistre tannbehandling.

Fylkeskommunen og privatpraktiserande tannlege som ønsker å vere tannbehandlarteam TOO kan inngå avtale. Tverrfagleg behandlarteam TOO vil tilvise aktuelle TOO-pasientar til privatpraktiserande tannbehandlarteam TOO.

Krav til tannbehandlar

For å kunne inngå avtale med Vestland fylkeskommune om å fungere som privatpraktiserande tannbehandlarteam TOO må tannlegen:

- ha gjennomgått opplæring hos Senter for odontofobi eller ha bestått eksamen i odontofobi arrangert av NOFOBI
- følge Helsedirektoratet sin rettleiar God klinisk praksis IS-1589
- nytte [takstane til Vestland fylkeskommune](#)
- rapportere dei data som [Helsedirektoratet](#) til ei kvar tid krev på lik linje med tannbehandlarteam TOO i fylkeskommunen

Krava over er sett for at fylkeskommunen skal følge Helsedirektoratet sitt tilskotsregelverket for TOO og er føresetnadar for å kunne inngå avtale med fylkeskommunen.

Kva tannbehandling blir dekkja av TOO?

- Frå 1. mai 2025 får pasientar i TOO dekkja ei **infeksjonssanering (ekstraksjonar, konserverande og endodontisk behandling) og ev. avtakbar protetikkk**.
- Pasienten har ikkje rett på HELFO-refusjon på den infeksjonssanerande behandlinga og avtakbare protesar, då det blir fult ut dekkja av TOO-tilbodet.
- Det blir stilt krav til bruk av offentleg takst for tannbehandling som TOO skal dekke. Takstane finn du på <https://www.vestlandfylke.no/tannhelse/kva-kostar-tannbehandling/>.
- Kjeveortopedi blir ikkje dekkja.
- Av periodontal behandling så blir hygienefase og kirurgi dekkja, mens frå vedlikehaldsfase dekker pasienten sjølv behandling som ordinær vaksen betalende pasient, med støtte frå Helfo.

- Vurdering av pasienten sine evnene til å gjennomføre behandlinga i vaken tilstand (ev. med sedasjon) og følge behandlinga opp i etterkant er viktig.
- Vurder i samråd med pasienten kva tenner som bør rotfyllest dersom pasienten no, eller seinare, kan påkoste fast protetisk løysing.
- Tannbehandling som skal dekkast av TOO-midlar må vere fullført innan **eitt år**. Dette gjeld også for infeksjonssanerande tannbehandling i narkose og spesialisttannbehandling. Etter dette vil pasienten bli avslutta i TOO og tilbakeført til ordinær vaksen betalande pasient. Pasienten må dekke vidare oppfølging og behandling sjølv.

Send inn behandlingsplan til TOO Vestland

- Som tannlege i tannbehandlarteam TOO set du opp behandlingsplan og kostnadsoverslag over nødvendig tannbehandling.
- Skriv ut behandlingsplanen til pasienten og informer om kva behandlinga som blir dekkast av TOO og kva pasienten må betale sjølv (ev. kva som blir dekkast av Helfo).
- Send inn behandlingsplan i fysisk post til TOO Vestland til adresse:
TkVestland
Senter for odontofobi
Postboks 2354 Møllendal
5867 Bergen
- TOO registrerer når behandlingsplan er datert. Pasienten blir avslutta i TOO så snart infeksjonssanerande behandling og ev. avtagbare proteser er ferdig. Denne behandlinga skal seinast vere avslutta eitt år etter datoen på innsendt behandlingsplan for at TOO skal dekke det.
- Det er ikkje lenger behov for å søke om godkjenning av behandlingsplan og kostnadsoverslag, då det no berre er infeksjonssanerande behandling og ev. avtagbare proteser som blir dekkast. Behandling kan settast i gang med ein gong. TOO Vestland vil i staden gjere enkelte stikkprøvar for å sikre at krava i avtalen blir fylgt opp.
- Komplikasjonar og endringar i planlagt behandling kan skje undervegs, slik at det blir behov for å justere behandlingsplan. Det er planlagt behandling ved oppstart som blir dekkast av TOO.

Behov for tannbehandling i narkose?

- Sedasjon skal som hovudregel først vere forsøkt før tilvising til narkose
- TOO Vestland skal registrere og godkjenne alle TOO-pasientar som skal ta i mot tannbehandling i narkose. Dersom det blir behov for tannbehandling i narkose, send e-post til odontofobiteam.bergen@vlfk.no. Ta kontakt med klinikkleiar TOO, Lise Marthe Krogenes, for nødvendig avklaring før tilvising til narkose. Send anonymisert e-post til lise.marthe.krogenes@vlfk.no der det går fram pasienten sitt pasientnummer i DOT og vurdering av kvifor det er ønske om å tilvise til tannbehandling i narkose.

Når det ikkje går etter planen

- Det kan oppstå komplikasjonar som gjer det nødvendig å revidere behandlingsplanen undervegs. Journalfør dette og skriv ut oppdatert behandlingsoverslag dersom det er vesentlege endringar, slik at pasienten har oversikt over kva hen må dekke sjølv.
- Ny tannsjukdom eller nye behandlingsbehov som oppstår etter påbegynt tannbehandling, vil ikkje bli dekkast av TOO. Dette gjeld også om pasienten har fått tannbehandling i narkose.
- Reklamasjon og havari av utført behandling blir ikkje dekkast av TOO og blir ei sak mellom tannlegen og pasienten.
- Dersom pasienten får store utfordringar med angst og å ta i mot tannbehandling hos tannbehandlarteam, så ta kontakt med tilvisar for å diskutere alternativ og om det er behov med ein «boostertime» hos tverrfagleg team.
- Ta kontakt dersom det ikkje er mogleg å følge opp pasienten innan frist i pasientforløpet

Tolk

- Ved behov for tolk bestiller tannbehandlarteamet det. TOO dekkast utgifter til tolk ved tannbehandlinga. Du fakturerer for tolketenester på same måte som tannbehandlinga.
- Ved behov for tolketenester for hørselshemma, døve og døvblinde så kontakt NAV Hjelpemiddelsentral.
- Ta kontakt med TOO-koordinatorane om du har spørsmål.

Om pasienten ikkje møter opp

- Kontakt pasientar som ikkje møter opp til timeavtale på telefon.
- Får du kontakt og avtaler ny time, send SMS om den nye timen (med påminning dagen før). Gje munnleg påminning om at tilbodet om gratis tannbehandling fell vekk dersom pasienten ikkje møter til time igjen.
- Om du ikkje får kontakt per telefon, så send eit «Ikkje møtt-brev» med informasjon om at pasienten sjølv må ta kontakt for ny time innan to veker og gi ei tilbakemelding til TOO Vestland om at pasienten ikkje møter.
- Informer også om at behandlinga vil bli avslutta dersom pasienten ikkje tar kontakt for ny time innan fristen og at tannbehandlinga skal vere utført innan 1 år etter avslutta behandling hos tverrfagleg team TOO.
- Send faktura for ikkje-møtt timen til fylket slik som skildra under. Dersom pasienten ikkje møter 2 gonger ber vi om tilbakemelding om det og om at pasienten blir avslutta.

Faktura

- Før på følgande tekst på sjølv fakturaen:
 - Pasienten sitt **pasientnummer** i den offentlege tannhelsetenesta og **TOO**
- Alle faktura til Vestland fylkeskommune må sendast elektronisk i EHF-format.
 - Fakturaen skal stillast til:
Vestland fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger
 - Send uspesifisert faktura over utført behandling som EHF til 821311632
 - Før inn ressursnummer **25396** i feltet «Deres referanse».
 - Les meir om korleis du sender faktura til Vestland på vlfk.no/faktura.
- Faktura kan sendast fortløpande. Når det nærmar seg årsslutt må all utført tannbehandling fakturerast i desember eller seinast første arbeidsdag etter nytt år, sjølv om pasienten ikkje er ferdigbehandla. Det må komme tydeleg fram dato tannbehandlinga blei utført på faktura.
- Dersom du ikkje kan sende faktura på EHF, så kan du sende faktura på e-post i PDF format til odontofobiteam.bergen@vlfk.no. Hugs då å følgje rutinane som nemnt i dette avsnittet med uspesifisert faktura osv.

Epikrise eller tilbakemelding om avslutta pasient

Så snart infeksjonssanerande behandling (og ev. avtakbare proteser) er utført, skal pasienten tilbakeførast til ordinær betalande pasient, og har igjen rett på HELFO-refusjon. Send epikrise eller ei tilbakemelding så snart infeksjonssanerande behandling (og ev. avtakbare proteser) er fullført. Vi ber også om tilbakemelding dersom pasienten avbryt behandlinga eller ikkje møter. Send e-post til odontofobiteam.bergen@vlfk.no med pasienten sitt pasientnummer i den offentlege tannhelsetenesta så snart pasienten er ferdigbehandla eller av anna grunnar er avslutta.

Send fysisk epikrise til:
TkVestland
Senter for odontofobi
Postboks 2354 Møllendal
5867 Bergen

Oppfølging av ferdig pasient

- Vi tilrår å sette pasienten opp på recall hos tannbehandlarteamet som ordinær pasient, men gjerne med korte intervall som to gonger årleg i starten. Dersom tannbehandlarteamet ikkje har kapasitet til dette ber vi om tilbakemelding om det i epikrisen, slik at TOO-koordinator kan hjelpe pasienten med å finne ein fast behandlar å gå til.
- Pasientar med behov for påfyll av angstbehandling kan du tilvise tilbake til tverrfagleg team for «booster session». Angstbehandlinga vil alltid vere gratis, men vil ikkje utløyse ny rett til meir gratis tannbehandling.

Reiserefusjon

- Pasientane som er omfatta av TOO-tilbodet har rett på å få dekka alle skyssutgifter som overstig eigenandelen. Pasienten finn informasjon og digitalt søknadsskjema på vlfk.no/reiserefusjon.
- Pasienten må legge ved dokumentasjon frå tannbehandlarteam TOO på at hen har vore til behandling på gjeldande dato når hen skal søke om refusjon. Fylkeskommunen betaler for rimelegaste reisemåte.

Signer avtalen

Avtale om behandling av personar som er tilvist frå Tverrfagleg behandlarteam TOO i den offentlege tannhelsetenesta i Vestland er inngått mellom privatpraktiserande tannlege og tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune. Denne avtalen er knytt til tannlegen personleg og ikkje til praksisen hen arbeidar i. Ved signering av avtalen stadfestar privatpraktiserande tannlege at krav og informasjon i denne avtalen vert følgt. Endringar i nasjonale føringar i TOO-tilbodet kan føre til endring i avtalen. Ny oppdatert avtale vil då bli sendt ut. Partane står fritt til å sei opp avtalen.

Dato:

X

Signatur privatpraktiserande tannlege